

ALVER KULTURRÅD

Alver kommune
Kulturkontoret

19. jan 2022

Ang uttale på «fordeling av kultur - driftstilskot 2022, framlegg frå rådmannen»

Alver kulturråd vil minne om at året 2022 er Frivilligheita sitt år i Noreg.

Alver kulturråd har ein samarbeidsavtale med politisk og administrativ leining i Alver kommune, underskriven 18 aug 2020. I pkt 2 i denne avtalen er det eit mål at «avtalen skal vere med å sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til kulturfeltet».

Det er viktig for Alver kulturråd at vi blir kontakta så tidleg som mogleg etter søknadsfrist for midlane for å kvalitetssikre handsaminga av framlegget.

I framlegget for 2022 ønskjer Alver kulturråd å peike på:

- I eit lag med eit styre må det vere hovestyret ved leiar som søker om midlar for laget. Dette er ei demokratisk innretning kor det er den juridisk ansvarlege som står som søker og held intern dialog og fordeling av midlar med undergruppene og aktivitetane i laget. Det blir uoversiktleg nå laget søker i ei ordning og ein aktivitet i same lag søker ei anna ordning. Dette har vore peika på før i sakshandsaminga av driftstilskot og er noko som vil redusere kompleksiteten i handsaminga.
- Alver kulturråd ønskjer at kulturadministrasjonen tar ein gjennomgang av kva som er definisjonen av eit medlem i eit lag. I og med at driftstilskot er medlemsbasert så er det ei viktig sak.
 - Særleg med tanke på skulekorpsa som har mange vaksne medlemar og vaksenkorpsa som har mange unge under 19 år som medlemar.
- Det kan vere vanskeleg å skilje mellom det er som er forventa normal aktivitet i laget (drift) og det som ligg føre som prosjektsøknad. Alver kulturråd vil oppmode administrasjonen om ein gjennomgang av prosjektsøknadane.

Alver Kulturråd takkar for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær